

Høringsnotat - forslag til forskrift om endring i forskrift om tilbakebetaling av utdanningslån 2020

Mai 2020

1. Innleiing

Kunnskapsdepartementet sender med dette på høyring forslag til forskrift om endring i forskrift om tilbakebetaling av utdanningslån 2020. I dette høyringsnotatet foreslår Kunnskapsdepartementet å utvide ordninga for betalingsutsetjing, som følgje av utbrotet av koronavirus (Covid-19).

Koronapandemien gir behov for å endre reglane for tilbakebetaling av studielån. Virusutbrotet har ført til at fleire låntakarar i Lånekassen mellombels er i ein vanskeleg økonomisk situasjon. For å unngå at låntakarar får varige betalingsproblem, gjer Kunnskapsdepartementet framlegg om å endre reglane om kor lenge det kan gis betalingsutsetjing.

2. Bakgrunn

Forskrift om tilbakebetaling av utdanningslån blir fastsett med heimel i lov om utdanningsstøtte (utdanningsstøttelova). Utdanningsstøttelova gir overordna rammer, medan konkrete rettar og plikter i all hovudsak blir fastsett i forskrift med heimel i lova.

Ein låntakar kan normalt utsetje betalinga av heile terminbeløp i inntil tre år eller inntil seks år ved utsetjing av halve terminbeløp, jf. utdanningsstøttelova § 8 fjerde ledd. Lova gir ikkje høve til utsetjing ut over disse grensene. Forskrift om tilbakebetaling av utdanningslån 2020 § 7-1 fastset at ein låntakar kan utsetje heile terminbeløp innanfor dei rammene lova set. Låntakarar kan utsetje betaling av terminbeløp opp til 36 gonger for kvart låneforhold, slik at nedbetalingstida blir opp til tre år lengre. Medan den normale nedbetalingstida er maksimalt 20 år, blir nedbetalingstida utvida når ein låntakar får utsett betalinga for ein periode. Etter kapittel 3 i forskrifta er den lengste nedbetalingstida for kvart låneforhold likevel avgrensa til 30 år.

Ein låntakar kan også få utsetje betalinga dersom låntakaren kan sannsynleggjere at vedkomande i etterkant vil ha rett til sletting av renter i den same perioden. Dette er likevel avhengig av at det finnast ei bestemt årsak til at låntakaren har svak økonomi, og at inntekta er under visse grensar.

Pandemien viser eit behov for å kunne gi betalingsutsetjingar i meir enn tre år, og det har tidlegare blitt gitt utvida tilgang til betalingsutsetjing i *Mellombels forskrift om tilpassingar i lovgivinga om utdanningsstøtte som følgje av utbrot av Covid-19*, fastsett 27. mars 2020 med heimel i mellombels lov om forskriftsheimel for å avhjelpe konsekvensar av utbrot av Covid-19 mv. (koralova).

Lånekassen opplyser om at det har vore ei klar auking i betalingsutsetjingar som følgje av den pågåande pandemien og moglegheita for å gi betalingsutsetjingar i meir enn tre år.

Den mellombelse forskrifta gjeld til koralova opphevast. Når forskrifta setjast ut av kraft, kan ikkje Lånekassen lenger gi betalingsutsetjing til låntakarar som allereie har fått betalingsutsetjing i tre år. I Prop. 96 L (2019-2020) som har blitt lagt frem for Stortinget, er det foreslått ei endring i utdanningsstøttelova slik at ho gir moglegheit for at det i forskrift kan bli gitt reglar om betalingsutsetjing i meir enn tre år. Den vanlege øvre grensa for betalingsutsetjingar skal framleis vere tre år, men lovendringa gjer det mogleg i særlege tilfelle å gi betalingsutsetjing i meir enn tre år. Forskrift om tilbakebetaling av utdanningslån skal angi dei nærare vilkåra for slike betalingsutsetjingar.

3. Departementet sine vurderingar og forslag

Reglar om antal betalingsutsetjingar

På grunn av pandemien aukar antalet personar som risikerer å gå ned i inntekt og dermed få betalingsproblem. Dersom dette er personar med utdanningslån i Lånekassen, og dei har nådd

grensa eller er nær ved å nå grensa for maksimalt antal betalingsutsetjingar på tre år, vil dei etter gjeldande reglar ikkje kunne få ytterlegare utsetjing med betaling av terminbeløp.

Dersom Stortinget vedtek lovendringa, vil utdanningsstøttelova § 8 fjerde ledd gi heimel til å gi forskrift til å gi betalingsutsetjing ut over den noverande grensa i særlege tilfelle. Utbrotet av Covid-19 var bakgrunnen for lovendringa, og må reknast som eit særleg tilfelle. Departementet meiner derfor det er naudsynt å bruke heimelen til å gjere endringar i forskrift.

Ein utvida tilgang til betalingsutsetjing vil kunne avhjelpe låntakarar som er i ein vanskeleg økonomisk situasjon som følgje av pandemien. Departementet meiner at ein utvida tilgang til betalingsutsetjing også vil gi klare velferdspolitiske fordelar. Med ei utviding vil fleire personar bli verande som ordinære låntakarar i Lånekassen, og låntakarar risikerer ikkje at lånet blir overført til Statens innkrevjingsentral for innkrevjing. Dette vil vere viktig dersom ein ønskjer å ta meir utdanning og ha rett til lån og stipend frå Lånekassen seinare.

Det er usikkert kor lenge det vil vere behov for ein utvida tilgang til betalingsutsetjingar. Det er også uklart korleis personar vil bli påverka økonomisk av pandemien og kor lang tid det vil ta før permiterte eller arbeidsledige kommer tilbake i inntektsgivande arbeid. Departementet anbefaler at ein utvida tilgang skal gjelde frå endringsforskrifta blir fastsett og ut 2020. Den einskilde søker om betalingsutsetjing kvar månad for kvart forfall. I mellomtida vil departementet samle erfaringar om antal søknader om betalingsutsetjing frå Lånekassen og vurdere situasjonen og moglege behov ut over 2020. Ein utvida tilgang til betalingsutsetjing kan vurderast på nytt ved fastsetjing av endringsforskrift om tilbakebetaling 2021.

Departementet meiner at ein utvida tilgang til betalingsutsetjing skal gjelde alle låntakarar. Eventuelle krav om at låntakarar må dokumentere eit årsaksforhold, vil gjere tiltaket både kostbart og lite effektivt på grunn av at det då vil krevje manuell saksbehandling og lang saksbehandlingstid.

På bakgrunn av dette foreslår departementet at utbrotet av Covid-19 reknast som eit særleg tilfelle etter den føreslåtte endringa i utdanningsstøttelova § 8 fjerde ledd, og at det etter denne kan bli gitt betalingsutsetjing i 2020 ut over den noverande grensa. Betalingsutsetjinga vil framleis ikkje kunne gå ut over dagens rammer for nedbetalingstid, slik at ein ikkje vil kunne utvida ramma for maksimal nedbetalingstid på 30 år. Departementet foreslår at dette blir regulert i ny § 7-1 a i forskrift om tilbakebetaling av utdanningslån.

[Økonomiske og administrative konsekvensar](#)

Forslaget om å gi ein utvida tilgang til betalingsutsetjing har budsjettmessige konsekvensar. Ein auke i antal søknader om betalingsutsetjing vil medføre forskyvt innbetaling av avdrag og renter. Budsjetteffekten er i hovudsak redusert innbetaling av lån og auka rentestøtte. Samla låneforpliktingar for den einskilde kunden vil ikkje endre seg som følgje av denne forskriftsendringa. Dei budsjettmessige konsekvensane handterast i dei ordinære budsjettprosessane.

Søknader om betalingsutsetjing blir i stor grad behandla maskinelt av Lånekassen. Fleire søknader og behov for kommunikasjonstiltak kan likevel medføre noko meirarbeid.

Utkast til forskrift

Forskrift om endring i forskrift om tilbakebetaling av utdanningslån 2020

Fastsett av Kunnskapsdepartementet x. mai 2020 med heimel i lov 3. juni 2005 nr. 37 om utdanningsstøtte (utdanningsstøtteloven) § 8, § 9, § 10, § 14 og § 15

I

I forskrift 17. desember 2019 nr. 1872 om tilbakebetaling av utdanningslån 2020 blir det gjort følgjande endring:

Ny § 7-1 a skal lyde:

§ 7-1 a. Utsetjing med betalinga av terminbeløpa under utbrotet av Covid-19 i 2020

Under utbrotet av Covid-19 i 2020 har låntakar rett til utsetjing med betalinga av terminbeløp ut over grensa på tre år i § 7-1 første ledd.

Betalingsutsetjing kan likevel ikkje gå ut over rammene for nedbetalingstid i kapittel 3.

II

Endringa trer i kraft straks.